



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/1241-1

Sakshandsamar: Finn Arne Askje

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsrådet	30.05.2022	3/22
Helse og sosialutval	23.05.2022	8/22
Oppvekst, kultur og idretts utval	31.05.2022	15/22
Formannskap	02.06.2022	63/22
Kommunestyre	16.06.2022	65/22

Prinsipp for SLT-arbeid i Tokke

Saksframlegg godkjent av kommunedirektør, Finn Arne Askje 26.04.2022.

Vedlegg

- 1 Modell for SLT arbeidet i Tokke

Bakgrunn for saka:

Definisjon:

SLT: **S**amordning av **L**okale rus- og kriminalforebyggande **T**iltak

Modellen (SLT modellen) er utvikla av det Kriminalforebyggande råd (KRÅD) til bruk i norske kommunar.

SLT-modellen skal samordne lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak for barn og unge. Det er mange, både enkeltpersonar og offentlege instansar, som bidreg i dette arbeidet. Modellen skal sørge for å koordinere kunnskap og ressursar mellom politiet og relevante kommunale einingar. Også næringslivet og frivillige organisasjonar høyrer med i dette nettverket.

Arbeidet med SLT i kommunen går over alle planområda, av den grunn er det kommunedirektøren som har eit overordna ansvar.

Konfliktråda har utarbeida ei SLT-handbok, som ein vel å legge til grunn for modellen og oppbygginga av SLT arbeidet i Tokke.

Rettleiaren til konfliktråda legg opp til ein modell på tre nivå. Styrande-, koordinerande- og utøvande nivå. Vidare er SLT koordinator bindeleddet mellom dei ulike nivåa.

Organisering til no:

Politiråd:	Formannskapet Spesialrådgjevar organiserar
Basismøte oppvekst:	Interne og eksterne aktørar deltek Kommunalsjef HO og OKI organiserar
Referansegruppe:	Ei mindre gruppe der ein drøftar tiltak mm. SLT koordinator organiserar

Vurdering

Arbeid med lokalt rus- og kriminalførebyggjande arbeid er viktig i forhold til å gjere det trygt og godt å vekse opp i Tokke. SLT arbeidet går direkte inn som ein naturleg del av prosjektet «haldning til handling».

Vidare vil eit godt førebyggjande arbeid bygge opp om eit godt omdøme til kommunen, som seinare kan ha positiv innverknad på busetnaden.

Det er tre manglar med systemet som det er i dag:

- I. Det er ikkje eit klart skilje på styrande-, koordinerande- og utøvande nivå
- II. Det er ikkje naturleg bindeledd mellom dei ulike nivåa, dermed er det vanskeleg å kunne ha ein god flyt av informasjon og tiltak.
- III. Mykje av møta går til utveksling av informasjon.

Kommunedirektøren meiner me ikkje utnyttar fullt ut potensialet som det ligg i førebyggjande arbeid ein har i kommunens grupper/råd som vist til tidlegare i saka.

Endring i ny organisering av SLT arbeidet:

1. Ein legg klart skilje på dei tre nivåa konfliktrådet tilrår i SLT organiseringa.
2. SLT koordinator vil vere bindeleddet mellom dei tre nivåa i kommunens SLT modell. Vidare vil det vere ytterlegare bindeledd mellom basismøte oppvekst og utførargruppa, ved at det minimum er tre samanfallande medlemmar.
3. Informasjon vil vere skriftleg.
4. Det blir etablert eit arbeidsutval under politirådet, som førebur sakene som kjem til handsaming i politirådet.

Organiseringa med ansvar og arbeidsoppgåver følgjer av vedlagt skisse til organisering.

Kommunedirektøren har den oppfatninga at denne modellen vil medføre eit meir heilskapleg SLT arbeid i kommunen, vidare vil dei manglar ein ser i dagens organisering kunne bli løyst i ny organisering.

Mandat og ansvarsområde til SLT koordinator:

Mandat til SLT koordinator:

Kan handle på vegne av kommuneleiinga etter føringar gjeve av styrande nivå og mål for arbeidet.

SLT koordinator sitt ansvarsområde:

Ivareta kommunens rolle og interesse med politiet
Samarbeide tett med politikontakten
Bidra til samhandling og avdekke behov
Kartleggje og følgje med på utviklinga av kriminalitet og eit bilde av rusutviklinga
Målrette og strukturere nødvendige tiltak
Følgje opp avtaler, planar og forpliktelsar
Dokumentere, evaluere og vurdere arbeidet

Arbeidet som SLT koordinator er omfattande og særskilt krevjande no i ein fase med oppbygging av praksis for arbeidet i kommunen. Innanfor kommunedirektørens ansvarsområde vil ein omdisponere midlar for ei 50% stilling i 1 år.

Fram til no har SLT arbeidet vore organisert i HO, men kommunedirektøren har teke avgjerd om at ein legg ansvaret til OKI. Grunnen er todelt: mykje av arbeidet i SLT er knytt mot ungdomsarbeid i kommunen og vidare blir det overført andre arbeidsoppgåver frå OKI til HO.

Samarbeidsavtale kommunen i dag har med politiet om politirådsarbeidet er det naudsynt å justere.

Politirådsavtala vil ikkje påverke tenesteavtala kommunen har med politiet.

Kommunen bør også ha ein trafikksikkerhets koordinator og det vil vere naturleg å legge denne funksjonen saman med SLT funksjonen.

Kommunestyre si handsaming av sak 65/2022 i møtet den 16.06.2022

Røysting

Formannskapetets vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Skisse for SLT arbeidet i kommunen blir teken til orientering.

Arbeidsutvalet i politirådet må i løpet av hausten 2022 utarbeide ny samarbeidsavtale om politiråd, som blir lagt fram til politisk avgjerd.

Funksjonen som trafikksikkerhets koordinator blir lagt til SLT-koordinator

Formannskap si handsaming av sak 63/2022 i møtet den 02.06.2022

Røysting

OKI sitt vedtak var samrøystes vedteke.

Vedtak

Skisse for SLT arbeidet i kommunen blir teken til orientering.

Arbeidsutvalet i politirådet må i løpet av hausten 2022 utarbeide ny samarbeidsavtale om politiråd, som blir lagt fram til politisk avgjerd.

Funksjonen som trafikksikkerhets koordinator blir lagt til SLT-koordinator

Oppvekst, kultur og idretts utval si handsaming av sak 15/2022 i møtet den 31.05.2022

Røysting

Kommunedirektørens tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Skisse for SLT arbeidet i kommunen blir teken til orientering.

Arbeidsutvalet i politirådet må i løpet av hausten 2022 utarbeide ny samarbeidsavtale om politiråd, som blir lagt fram til politisk avgjerd.

Funksjonen som trafikksikkerhets koordinator blir lagt til SLT-koordinator

Helse og sosialutval si handsaming av sak 8/2022 i møtet den 23.05.2022

Røysting

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

Vedtak

Skisse for SLT arbeidet i kommunen blir teken til orientering.

Arbeidsutvalet i politirådet må i løpet av hausten 2022 utarbeide ny samarbeidsavtale om politiråd, som blir lagt fram til politisk avgjerd.

Funksjonen som trafikksikkerhets koordinator blir lagt til SLT-koordinator.

Ungdomsrådet si handsaming av sak 3/2022 i møtet den 30.05.2022

Røysting

Saka var teken til orientering.
Samrøystes vedteke.

Vedtak

Skisse for SLT arbeidet i kommunen blir teken til orientering.

Kommunedirektørens tilråding

Skisse for SLT arbeidet i kommunen blir teken til orientering.

Arbeidsutvalet i politirådet må i løpet av hausten 2022 utarbeide ny samarbeidsavtale om politiråd, som blir lagt fram til politisk avgjerd.

Funksjonen som trafikksikkerhets koordinator blir lagt til SLT-koordinator.